

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn



Innkalling til møte i Kontrollutvalet - Gaular kommune

Utval: Kontrollutval - Gaular kommune
Møtedato: 14.01.2014
Møtetid: 10.00
Stad: Møterommet
Møtenr.: 1/2014

Innkalling: Faste medlem i utvalet. Rådmann i sak 04 og 05/14.

Melding til: Ordførar(møterett), KRYSS-revisjon(møterett) og varamedlem (vert innkalla etter nærmare beskjed).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 95139762 eller på e-postadresse: post@sekom.no

SAKLISTE

001/14 Godkjenning av innkalling og sakliste.
002/14 Skriv og meldingar
003/14 Møteplan for kontrollutvalet i Gaular 2014.
004/14 Orientering om resultatet av Forbrukerrådet sin kommunetest.
005/14 Opplæring i bruk av nettbrett – Kontrollutvalet.
006/14 Foredrag – Knut Henning Grepstad.
007/14 Oppfølgingsliste 1-2014.
008/14 Eventuelt.

Det vert servert lunch kl. 12.

Sande i Sunnfjord 07.01.2014

Aud Lunde (s)
-leiar-


Vidar Øvrebø
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	95139762 vø 57612786vø 57612785 arva 97170064 arva	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

001/14 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 06.01.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Status	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet	14.01.2014	001/14	-	Ja

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

002/14 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 06.01.2014.

Utval	Dato	Saksnr.	Status	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet	14.01.2014	002/14	-	Ja

Saksvedlegg

SM 18-13: E-post til Gaular kommune – «Oppmøte kontrollutvalet i Gauolar kommune 01.12.2012-30.11.2013», datert 26. november 2013.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Skriv og meldingar vert teke til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

U 554/13

Alme Audhild Ragni Vie

Fra: Alme Audhild Ragni Vie
Sendt: 26. november 2013 15:22
Til: Gaular Postmottak
Kopi: 'Lunde Aud (aud.lunde@gmail.com)'; 'Myrmel Karl Kristian (kristian@hjortefot.com)'; 'Oppedal Laila (laila.oppedal@konfliktraadet.no)'; 'Oppedal Laila (Oppedal@hotmail.com)'; 'Sæterlid Hanne Sofie (eifosennah@hotmail.com)'; 'Tyssekvam Jarl (spar.sunnfjord@ngbutikk.net)'; 'Vallestad Terje (terstval@online.no)'; 'Viken Lars Egil (legvi@online.no)'; 'ivar.johan.aarberg@enivest.net'
Emne: Oppmøte i kontrollutvalet i Gaular kommune 1.12.2012-30.11.2013
Vedlegg: Oppmøte kontrollutval 2013.pdf

Hei,
Vedlagt følger oversikt over oppmøte i kontrollutvalet i Gaular kommune i perioden 1. desember 2012 – 30. november 2013, som kan brukast i samband med utbetaling av møtegodtgjersle.

 Med helsing

Audhild Ragni Vie Alme

Rådgjevar

SEKOM-sekretariat

Mobil: +47 97170064

audhild.ragni.vie.alme@sekom.no

Hafstadvegen 42

Postboks 338

6802 Førde

OPPMØTE I KONTROLLUTVALET I GAULAR KOMMUNE DESEMBER 2012-NOVEMBER 2013						
	Samla	04.12.2012	04.02.2013	18.03.2013	03.06.2013	21.10.2013
Aud Lunde	5	1	1	1	1	1
Hanne Sofie Sæterlid	1	1	0	0	0	
Jarl Tyssekvam	2	0	0	1	1	0
Lars Egil Viken	5	1	1	1	1	1
Ivar Johan Aarberg	2	0	0	1	1	0
Laila Oppedal	4	1	1	1	0	1
Terje Vallestad	2	1	0	0	1	

003/14 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I GAULAR 2014

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat

Dato: 06.01.2014

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	14.01.2014	003/14	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyret		-	-	

Saksvedlegg.

- Forslag til møteplan 2014.
- Formannskapssak 084/13 «Møteplan 2014»

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Møteplan for kontrollutvalet i Gaular for 2014 vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I GAULAR 2014

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Møteplan for kontrollutvalet i Gaular for 2014.

Saksopplysningar:

Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i 2014 i dei ulike kommunane. I planen for kvar kommune er det, under føresetnad av at det ikkje vert endringar i desse, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og bystyremøte. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for kva tid det skal vere møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem på og som hastar eller av andre årsaker. Møteinncalling vil alltid bli sendt ut i førekant av møte, og hovudsakleg skal dette skje minst ei veke før møtet vert halde.

Sekretariatet sine vurderingar:

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVAL GAULAR KOMMUNE 2014

MÅNAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTROLLUTVAL	14.					4				22.		3.
FORMANNSKAP	30.	25.	26.	24.	28.	26.		21.	24.	28.	27.	18.
KOMMUNESTYRE			06.		6.	24.				9.	6.	16.



Møtebok for Gaular kommune

SAKSGANG		
Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
084/13	Formannskapet	19.12.2013

Arkiv: FE-033
Saksmappe: 10/1355
Sakshandsamar: HFØ
Dato: 13.12.2013

Møteplan 2014.

Rådmannen gjev slik tilråding til vedtak:

Møte i kommunestyret vert i 2014 halde slik: 06.03., 08.05., 19.06., 09.10., 06.11., 16.12.

Møte i formannskapet vert i 2014 halde slik: 30.01., 25.02., 27.03., 24.04., 27.05., 26.06., 21.08., 25.09., 28.10., 27.11., 18.12.

Møte i administrasjonsutvalet vert halde samstundes med møte i formannskapet.

Handsaming i Formannskapet 19.12.2013:

Møte i kommunestyret vert i 2014 halde slik: 06.03. Bygstad kl 1800, 06.05., 24.06., 09.10. Viksdalen kl 1800, 06.11., 16.12.

Møte i formannskapet vert i 2014 halde slik: 30.01., 25.02., 26.03., 24.04., 28.05., 26.06., 21.08., 24.09., 28.10., 27.11., 18.12.

Møte i administrasjonsutvalet vert halde samstundes med møte i formannskapet.

Samrøystes vedteke.

FS-084/13 Vedtak:

Møte i kommunestyret vert i 2014 halde slik: 06.03. Bygstad kl 1800, 06.05., 24.06., 09.10. Viksdalen kl 1800, 06.11., 16.12.

Møte i formannskapet vert i 2014 halde slik: 30.01., 25.02., 26.03., 24.04., 28.05., 26.06., 21.08., 24.09., 28.10., 27.11., 18.12.

Møte i administrasjonsutvalet vert halde samstundes med møte i formannskapet.

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Møteplan 2013:

Møte i kommunestyret vert i 2013 halde slik: 12.02., 12.03. (kveld), 14.05, 20.06., 01.10., 07.11., 17.12.

Møte i formannskapet vert i 2013 halde slik: 29.01., 26.02., 12.03., 19.04., 14.05., 06.06., 20.08., (valstyret 09.09., 10.09.), 17.09., 22.10., 27.11., 19.12.

Møte i administrasjonsutvalet og valstyret vert halde samstundes med møte i formannskapet. Samrøystes vedteke.

Helge Følid
Rådmann

004/14 ORIENTERING OM RESULTAT AV FORBRUKARRÅDET SIN KOMMUNETEST

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 06.01.2014

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	14.01.2014	004/14	-	Nei
Formannskap	-	-	-	
Kommunestyret	-	-	-	

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Gaular kommune «Orientering om resultat av forbrukarrådet sin kommunetest», den 06.12.13.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- 008/09 "Kontrollutvalsarbeid – tiltak"
- 034/13 «Eventuelt»

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orientering om resultat av forbrukarrådet sin kommunetest vert teken til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

ORIENTERING OM RESULTAT AV FORBRUKARRÅDET SIN KOMMUNETEST

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmannen orienterer om resultat av forbrukarrådet sin kommunetest.

Saksopplysningar:

I Kontrollutvalsmøte i Gaular den 05.12.2013 i sak 034/13 «Eventuelt», gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Kalle inn rådmannen for å orientere om resultatet av «Forbrukerrådets kommunetest» for Gaular på neste møte.*

Administrasjonen i Gaular kommune er pr. brev 06.12.2013 varsla om vedtaket. I brevet vart det også opplyst at møte skal haldast den 14. januar 2013.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Gaular kommune
v/rådmannen

6873 SANDE I SUNNFJORD

Førde, 6.12.2013

Dykkar ref.:

Vår ref.: arva

Jnr.: 576/13

Arkiv: Gaular

ORIENTERING OM RESULTAT AV FORBRUKARRÅDET SIN KOMMUNETEST

I kontrollutvalsmøte 5.12.2013 i sak 34/13 Eventuelt, vart det gjort følgjande vedtak:

Kalle inn rådmannen for å orientere om resultatet av «Forbrukarrådets kommunetest» for Gaular på neste møte.

Neste møte i kontrollutvalet i Gaular skal vere 14. januar 2014.

Med helsing

For kontrollutvalet



Audhild Ragni Vie Alme

SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	57612785 arva 97170064 arva 95139762 vø 57612786 vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

005/14 OPPLÆRING I BRUK AV NETTBRETT - KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 06.01.2014

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	14.01.2014	005/14	-	Nei
Formannskap	-	-	-	
Kommunestyret	-	-	-	

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Gaular kommune – «Vidare oppfølging – opplæring i bruk av nettbrett», datert 06.12.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalssak 009/13 «Nettbrett kontrollutvalet»
- Kontrollutvalssak 025/13 «Opplæring av elektronisk utsending av dokument»
- Brev frå Kontrollutvalet til Gaular kommune «Opplæring i bruk av nettbrett», datert 14.08.2013.
- E-post frå Gaular kommune «Nettbrett til KU, den 28. august 2013.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet har fått naudsynt opplæring for å ta i bruk nettbrett.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

OPPLÆRING I BRUK AV NETTBRETT - KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Kontrollutvalet ynskjer oppfølging av opplæring av i bruk av nettbrett.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøtet den 21.10.2013 fekk kontrollutvalsmedlemmane utdelt nettbrett, samt at det vart gjeve naudsynt opplæring for å ta i bruk nettbrett.

I kontrollutvalssak 033/13 «Oppfølgingslista 5-2013», den 05.12.2013 vart det gjort følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet ber administrasjonen om ei oppfølging av opplæring av elektronisk dokumenthandtering på neste møte i kontrollutvalet.*

Administrasjonen i Gaular kommune er pr. brev 06.12.2013 varsla om vedtaket. I brevet vart det også opplyst at møte skal haldast den 14. januar 2013.

Årsaka til at kontrollutvalet ynskjer oppfølging av opplæring, er at nokre av kontrollutvalsmedlemmane har gitt tilbakemelding om at dei ikkje kjem inn på nettbrettet, og kan difor ikkje lese sakene til kontrollutvalet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Gaular kommune
v/rådmannen

6873 SANDE I SUNNFJORD

Førde, 6.12.2013

Dykkar ref.:

Vår ref.: arva

Jnr.: 575/13

Arkiv: Gaular

VIDARE OPPFØLGING - OPPLÆRING I BRUK AV NETTBRETT

I kontrollutvalsmøte 5.12.2013 i sak 33/13 Oppfølgingslista 5-2013 vart det gjort følgjande vedtak:

Kontrollutvalet ber administrasjonen om ei oppfølging av opplæring av elektroniske dokumenthandtering på neste møte i kontrollutvalet.

Nokre av kontrollutvalsmedlemene har gitt tilbakemelding om at dei ikkje kjem inn på nettbrettet, og kan difor ikkje lese sakene til kontrollutvalet.

Vi ber difor om at de førebur vidare opplæring i bruk av nettbrett.

Neste møte i kontrollutvalet i Gaular skal vere 14. januar 2014, kl 9.00.

Med helsing

For kontrollutvalet



Audhild Ragni Vie Alme
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	57612785 arva 97170064 arva 95139762 vø 57612786 vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

006/14 FOREDRAG - KNUT HENNING GREPSTAD

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 06.01.2014

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	14.01.2014	005/14	-	Nei
Formannskap	-	-	-	
Kommunestyret	-	-	-	

Saksvedlegg

- E-post frå sekretariatet til Knut Henning Grepstad – «Foredrag i kontrollutvalet i Gaular den 14. januar 2014.», datert 8. november 2013.
- E-post frå sekretariatet til rådmann Helge Følid og Ordførar Mathias Råheim – «Invitasjon til foredrag i kontrollutvalsmøte 14.01.2014.», den 6. desember 2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalssak 011/13 «Eventuelt»
- Kontrollutvalssak 021/13 «Eventuelt»
- Kontrollutvalssak 034/13 «Eventuelt»

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet tek føredraget til Knut Henning Grepstad til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

FOREDRAG - KNUT HENNING GREPSTAD

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Knut Henning Grepstad held i foredrag om kontrollutvalet si rolle.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøtet den 04.02.2013 i sak 011/13 «Eventuelt» gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet ynskjer at det vert arrangert ein eindagskonferanse for kontrollutvalsmedlemer i lokalområdet med aktuelle tema.*

I kontrollutvalsmøte den 29.10.2013 i sak 21/13 «Eventuelt» vart det gjort følgjande vedtak:

- *Sekretariatet til kontrollutvalet tek kontakt med Knut Henning Grepstad for å høyre om han kan halde eit innlegg / informasjon på omlag 2 timar om kontrollutvalet sin funksjon og oppgåver på neste møte i kontrollutvalet.*

Den 8. november tok sekretariatet kontakt pr. telefon med Knut Henning Grepstad for å høyre om det var mogeleg for han å halde eit slikt foredrag. Tilbakemeldinga var positiv, og same dag sende sekretariatet ein e-post til Grepstad med forslag til tema som kunne vere aktuelle:

- Kontrollutvalet si rolle.
- Historikk.
- Lovverk.
- Kontrollutvalet sitt ansvar og oppgåver.
 - Forvaltningsrevisjon
 - Selskapskontroll
 - Val av revisjonsordning

Samstundes vart det presisert at dette berre var innspel og at Knut Henning Grepstad står heilt fritt i val av tema.

Under sak 034/13 «Eventuelt», den 05.12.2013 vart det vedteke at kontrollutvalet også skulle invitere rådmann Helge Følid og Ordførar Mathias Råheim til Knut Henning Grepstad sitt foredrag i kontrollutvalet.

Sekretariatet sine vurderingar:

Øvrebø Vidar

Fra: Øvrebø Vidar
Sendt: 8. november 2013 15:52
Til: 'Knut.Henning.Grepstad@sfj.no'
Emne: Foredrag i kontrollutvalet i Gaular den 14. januar 2014

Hei

Viser til telefonsamtale onsdag om foredrag i kontrollutvalet i Gaular den 14. januar 2014.

Slik eg oppfattar kontrollutvalet, er det er kontrollutvalet sin funksjon generelt dei ynskjer å høyre meir om.

Tema som kan vere aktuelle er:

- Kontrollutvalet si rolle.
- Historikk.
- Lovverk.
- Kontrollutvalet sitt ansvar og oppgåver.
 - Forvaltningsrevisjon
 - Selskapskontroll
 - Val av revisjonsordning

Dette er berre innspel til tema som du kan komme innom, du står elles heilt fritt.

Når det gjeld tidsbruk står du også fritt til å bruke den tida som du treng.

Med helsing

Vidar Øvrebø
Dagleg leiar

SEKOM-sekretariat

Mobil: +47 95139762
vidar.ovrebo@sekom.no

SEKOM Sekretariat
Hafstadvegen 42
P.O. Box 338
6802 Førde
Tlf 57 61 27 86

Øvrebø Vidar

Fra: Alme Audhild Ragni Vie
Sendt: 6. desember 2013 11:14
Til: Følid Helge; Råheim Mathias
Kopi: "Lunde Aud"; Øvrebø Vidar
Emne: Invitasjon til foredrag i kontrollutvalsmøte 14.1.2014

Hei,
Kontrollutvalet i Gaular har avtalt med Knut Henning Grepstad at han skal komme å halde eit foredrag om kontrollutvalet sin funksjon i møte 14. januar kl 10.00. Kontrollutvalet vil invitere rådmann og ordførar til å delta, dersom det er av interesse.

Med helsing

Audhild Ragni Vie Alme
Rådgjevar

SEKOM-sekretariat

Mobil: +47 97170064
audhild.ragni.vie.alme@sekom.no
Hafstadvegen 42
Postboks 338
6802 Førde

007/14 OPPFØLGINGSLISTE 1-2014 - GAULAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 07.01.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	14.01.2014	007/14	-	Ja

Saksvedlegg.
Oppfølgingsliste 1-2014 Gaular.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):
Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:
Oppfølgingsliste 1-2014 Gaular vert teke til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 1-2014 – GAULAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 06.01.2013.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista. Saker på siste møte vert ståande til etter neste møte for informasjon.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 1-2014 - Gaular.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Gaular kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
08/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	16.02.09	Ulike tiltak for å ytterlegare oppfylle intensjonen i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.	16.02.09: Vedtak KU vil innføre tiltak. 18.02.09 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor.
21/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt; Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune – tingsdokument	19.05.11	Leverast i august 2012, jfr gj f pl frå KRYSS	19.05.11 Vedtak KU: 1. Tinginga for prosjektet "Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune" vert godkjent. 2. Tingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering. 21.05.11 Tinging sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering. 18.04.12 Motteke gjennomføringsplan frå KRYSS. 04.09.12 Motteke statusrapport. Sjå sak 27/12
15/12 Status forvaltningsrevisjonsprosjekt – Innkjøpsfunksjonen i Gaular kommune.	25.05.12		25.05.12 Vedtak KU Teke til vitande. 04.09.12 E-post frå Kryss m status i arb. 05.02.13 e-post til kommunen der ein ber han om å svare på KRYSS sine førespurnader om uttale til rapporten.
26/12 Oppfølging av kommunestyret sine merknader til forvaltningsrevisjonsrapport Sjølvkostberekningar VAR-sektoren	22.10.12		22.10.12 Tilråding til kommunestyret. 23.10.12 s kst. 12.02.13 vedtak kst sak 008/13. 03.06.13 Jfr revisjonsmelding årsrekneskapen 2012.
27/12 Status forvaltningsrevisjonsprosjekt – Innkjøpsfunksjonen i Gaular kommune.	22.10.12		22.10.12 Vedtak KU – - Statusmelding i arbeidet med forvaltningsrevisjonsprosjektet «Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune» om at prosjektet er forseinka i høve til prosjektpånen som vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 25.05.2012 vert teken til vitande. - Kontrollutvalet forventar at rapport for prosjektet vert lagt fram til første møte i 2013, som vil bli halde kring 1. februar. 05.02.13 e-post til kommunen der ein ber om svar på KRYSS sine førespurnader om uttale til rapporten.
003/13 Orientering om prosedyrar for deltid/mv tilsetting.	04.02.13		04.02.13 Vedtak KU - - Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande. - For oppfølging ber kontrollutvalet om opplysningar om tilsette som ønskjer utvida stillingar, og om arbeid med bruk av alternative arbeidstidsordningar. 05.02.13 e-post til Gaular kommune.
14/13 Plan for forvaltnings-revisjon 2013 – 2016.	18.03.13		18.03.13 Tilråding til kst. 25.03.13 s. kst.
15/13 Oppfølgingsliste 2-2013.	18.03.13		18.03.13 Vedtak KU: - Kontrollutvalet visert til e-post av 05.02.2013 og ber om status for prosjektet.

			- Kontrollutvalet minner om at dei ynskjer ein eindagskonferanse lokalt for kontrollutval. - Oppfølgingslista vert elles teken til vitande. 25.03.13: E-post til kryss om fv-prosjekt. SM 09-13 25.03.13: Epost med påmin om konferanse SM 11-13. 23.05.13: Epost frå Kryss til Gaular k om fv-prosj SM 10-13.
24/13 Skriv og meldingar	21.10.13		Vedtak KU: Ad SM 16-13 E-post frå Charles Litsheim i KRYSS-revisjon til kontrollutvalet – Statusrapport Gaular kommune forvaltningsrevisjon, datert 9. oktober 2013. - Kontrollutvalet sitt arbeid vert hindra ved at responstida frå administrasjonen er for lang. - Kontrollutvalet forventar ei snarleg forbetring. - Resten av skriv og meldingar vet teken til vitande. 21.10.13 epost til Gaular kommune
29/13 Eventuelt	21.10.13		Vedtak KU: - Sekretariatet til kontrollutvalet tek kontakt med Knut Henning Grepstad for å høyre om han kan halde eit innlegg / informasjon på omlag 2 timar om kontrollutvalet sin funksjon og oppgåver på neste møte i kontrollutvalet. - Kontrollutvalet har fått opplysningar om at varamedlem Sylvia Brakestad er 50% kommunalt tilsett, dette gjer at ho ikkje er valbar til kontrollutvalet. Kontrollutvalet ber difor kommunestyret om å gjere eit suppleringsval til kontrollutvalet. - Kontrollutvalet vil på neste bestille juletallerken på Sande Kro. 08.11.13 Epost til Knut Henning Grepstad, foredrag 14.1.2014.
030/13 Godkjenning innkalling og skaliste	05.12.13		05.12.13 vedtak i KU: Det var ingen merknadar til innkaling og sakliste.
031/13 Skriv og meslingar	05.12.13		05.12.13 vedtak i KU: Skriv og meldingar vart teken til vitande.
032/13 Orientering – Prosedyrar ved mellombelse og deltidstilsetting.	05.12.13		05.12.13 vedtak i KU: Orienteringa frå personalsjef Dag Ripe vert teken til vitande.
033/13 Oppfølgingsliste 5-2013	05.12.13		05.12.13 vedtak i KU: Kontrollutvalet ber administrasjonen om ei oppfølging av opplæring av elektroniske dokumenthandtering på neste møte i kontrollutvalet.
034/13 Eventuelt	05.12.13		05.12.13 vedtak i KU: Invitere rådmann og ordførar til Knut Henning Grepstad sitt foredrag i kontrollutvalet på neste møte den 14. Januar 2014. - Kalle inn rådmannen for å orientere om resultatet av "Forbrukerrådets kommunetest" for Gaular kommune på neste møtet.

Oppdatert 06.01.2014

008/14 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 07.01.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Status	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet	14.01.2014	008/14	-	Ja

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.